

Sterk film om sinna mann

I filmen «Sinna mann» er guten Boj vitne til at far slår mor. Filmene er laga for å sette vald på dagsordenen i skular og andre stader. Vi har møtt filmskaparen Anita Killi.



Tekst **Stine Brenna**, helsesyster Lom kommune



Tekst **Aud Jotun**, helsesyster Skjåk kommune



Tekst **Liv Marie Øyjordet**, helsesyster Lom kommune

Vi fekk gleda av å besøke Anita Killi i verkstaden hennar som er i eit gammalt hus på eit gardstun i Dovre kommune. Her fekk vi møte ei dame som ikkje berre har eit imponerende kunstnarisk talent, men som òg har ei fantastisk evne til å forstå og formidle kjensler

og stemningar til både vaksne og barn. Ho må òg vera utrusta med ein god porsjon tolmod, da ho for hand har laga alle dukkane, møbler og andre kulisser. Desse var fulle av detaljer som alle hadde ei meining. Kvar scene måtte ho bygge opp lag for lag med glasplater mellom, og ta bilete av. Bileta var teke med eit spesielt sjølvdesigna apparatur, stort som frå golv til tak. For å få eitt minutt film, måtte det vere 1440 bilete! Heile filmen varer i 20 minutt.

Filmene "Sinna Mann" har vunne ei lang rekke gjeve prisar, deriblant på filmfestival i Hiroshima og i Iran. 11 av dei 56 prisene filmene har fått, er publikums-

prisar. Filmene er òg oversett til fleire språk, og nå står oversetting til tre av dei største arabiske språka for tur. Både boka og filmene "Sinna Mann" har nettopp kome ut i Japan.

Les boka fyrst

Anita Killi h vore på turné, og vist og prata om filmene til fleire 5., 6. og 7. klasser. Ho seier det er ulikt kor godt skulane har førebudd seg til filmene, men tykkjer det går best der dei har lese boka "Sinna Mann" og er kjende med innhaldet. På neste "turne" ho skal ut på med den kulturelle skulesekken i Lillehammer og Øyer, vil ho setje som krav at dei les boka fyrst.

Tilnærminga til temaet blir på fleire plan når ein fyrst pratar om kunstarten animasjon, og viser korleis ein arbeider for å lage filmene. For mange er denne delen minst like interessant som sjølv temaet. Rett før ho viser filmene, bruker ho å lese og prate om nokon sitat frå eit informasjonshefte "Små vitne til vold" som er henta frå verkelegheita. Til dømes: "Eg smiler utanpå,



PÅ JAPANSK: Filmene "Sinna Mann" er oversett til fleire språk. Både boka og filmene har nettopp kome ut i Japan.



LOV Å SLADRE: Kongen befaler at heimen skal vera den tryggaste staden for barn. Når nokon er så redde som Boj, har dei lov å sladre.

men inni er det berre mørkt og tomt”. Eit anna døme er: ”Eg klarer ikkje la vere å tenkje på at mamma kan dø når eg er på skulen. Når eg er her, kan eg ikkje passe på.” Dette gjer eg for å snu undervisninga inn mot alvoret, og for dei yngre klassene er eg meir forsiktig påpeiker filmskaparen.

Mange blir overraska

Anita seier at fleire barn blir overraska, fordi dei ikkje trudde at barn kunne ha det slik i Noreg. Da påpeikar Anita at dei er heldige som har snille foreldre! Hjø lærarar har ho fått fleire reaksjonar der dei seier at «dette er ein film om meg».

Mange har opplevd vald heime! Det viser seg òg å vera slik at folk flest ikkje trur at nokon ein kjenner kan gjere noko slikt.

Ved eit tilfelle der ho var på besøk var det ein mann, som etter filmen fortalde spontant til sin sambuar: – Slik har eg gjort, eg har slått dine barn.

Da hadde alle i rommet sagt at: – Nei, ikkje du. Du er da så snill ein mann!

Neglisjering og vantru bidreg til at barn i voldelege heimar ikkje blir sett eller får hjelp. Mange barn trur at dette er heilt spesielt for deira familie og held det strengt hemmeleg. Mange får òg truslar om at nokon kan bli drepen om dette kjem ut. Filmene ”Sinna Mann”

bidreg til at temaet blir prata om, og om ikkje barnet fortel om hemmelegheita, så har det i alle fall fått ei bevisstgjerung om at det finst andre som har det slik som dei. Ein forelder sa etter filmen: – Tenk om nokon hadde vist denne filmen til meg som barn. Da hadde livet mitt vore annleis i dag.

Det er viktig å få fram at dette er noko som ikkje kan sjåast utanpå. Det kan vera kven som helst, seier Anita Killi.

Elevane skreiv brev

I etterkant av filmen gjekk ho gjennom scenene i filmen ved hjelp av bilete med originalfigurane som vart



KILLI OG DUKKENE: Anita Killi har laga alle dukkene, møbler og kulisser.

brukt i animeringa. Dei fyste gongane ho synde fram filmen, fekk ho elevane til å skrive brev. Dei fekk utdelt brevark og konvolutt, som guten Boj i filmen. Det var frivillig kven dei ville skrive til og oppgåva var: Skriv om noko DU er redd for. Om dei ikkje ville skrive brev, var det også greitt. Om noko bekymringsfullt kom fram, diskuterte ho det med helsesyster.

Eg fekk ungane til å skrive brev berre i seks prøveklasser i Dovre, men har ikkje gjort det sidan. Kanskje feigt?

«Det er ei gåve for skulene når helsesyster vil bruke tid på filmen for elevane».

Anita Killi

seier Anita og legg til at hennar kollega og venninne, Eva Hølmebakk, som reiser med filmen i Rogaland, seier ho ikkje ville hatt samvit til ikkje å la barna få den moglegheita til å kunne seie i frå!

Og ho har eit poeng. Ho besøker elevar heilt ned i 1. til 4. klasse med et tilsvarende opplegg, der også formidlinga av animasjonskunsten er innfallsporren.

Representantar frå alternativ for vold har òg vist filmen til førskolebarn i barnehagar. Der kom det fram mykje, for barn på det alderstrinnet har ikkje same "filter" som eldre barn. Nokon sa: Det er pappaen min! Dei kjende att temperamentet i "Sinna Mann" og tykte det likna pappaen sin. Andre kunne kommentere: Det

er pappaen til... Mange barn brukte ordet "sur" i staden for "sint". Små barn bruker gjerne andre omgrep enn oss vaksne og kjenner gjerne ikkje kva som ligg i dei ulike omgrepa.

Filmene er òg vist i fengsel og til valdelege mødre og fedre i fleire land. Om denne filmen kan hjelpe nokon til å ta det skrittet å sjølv oppsøke hjelp og tilstå at ein har problem, vil det stå meir respekt av det enn å fortsette i ein vond sirkel ein ikkje veit utfallet av. Ingen ynskjer å vera valdeleg og filmen kan difor òg bidra til at vaksne tek kontakt for å få hjelp. Filmene set ei stemning som gjer at ein både kan sjå seg sjølv og kjenne korleis andre barn og vaksne i valdelege familiar har det.

– Difor er det viktig at vi òg viser filmen til føresette på skulen, seier Anita.

Ho seier det er flott om nokon utanom skulen også viser filmen. Det er ikkje alltid at læraren er den ein vil fortelje hemmelegheitene til. Vi meiner at helsesyster med sin faglege bakgrunn og kjennskap til elevar/ familiar frå fleire arenaer, er med å bidreg til at vi lettare kan samle informasjon og fange opp dei som slit.



LANG PROSESS - Det tok seks år å filme «Sinna Mann». Her lages tredimensjonal effekt av kart.

Erfaringar etter visning:

Viktig fokus på vald

I Lom og Skjåk er vi svært nøgde med å få sett fokus på eit tema det ikkje blir prata så mykje om – vald. Det vi har lært til neste gong, er at vi skal bruke boka ”Sinna mann” i større grad, som førebuing til filmen.

Lom kommune vart vi inspirerte til å vise filmen ”Sinna Mann” etter å ha sett den på to ulike foredrag av Øyvind Aschjem frå Alternativ til vold. Filmene får ein til å tenke at vi må gjere alt i vår makt for å unngå at ungar må gå gjennom ein barndom i frykt. Som helsesyster har vi eit godt grunnlag til å formidle dette, fordi vi kjenner ungene, deira familiar og har fleire kanalar å treffe dei gjennom. Det at helsesyster er tilstades under visning av filmen meiner vi kan gje tryggleik

til ungene, i tillegg til at det er ei gyllen moglegheit til å vise kven vi er, kva vi driv med, minne om treffetida osv. Helsesyster og lærar kan òg dra veksling på kvarandre, og på den måten kvalitets-sikre informasjonen som ungene får.

Sidan dette var nytt og noko vi ikkje har gjort før, valte vi i Lom å ikkje vise den til alle elevane, men fyrst skaffe oss erfaringar i eit mindre utval. Kor mange ein vil vise den til er òg eit ressurs-spørsmål. Helsesyster har mange oppgåver og tida er knapp. Det vil

krevja meir tid og ressursar å vise den til mange. Håpet er at vi skal vise denne filmen årleg og at det ikkje berre blir eit ”stunt” denne eine gongen. I Lom er det to barneskular. Den eine skulen har få elevar i kvar klasse, så vi viste den til 5.-7. klasse samla. Den andre skulen har vanleg storleik på klassa og der viste vi den i 5. klasse.

I Skjåk kommune var det rektor ved Marlo skule som tok kontakt med helsesyster, fordi dei skulle ta opp temaet ”Vald i nære relasjonar” på skulen.



HANDARBEID: Dukkene og kullissene er lagd for hand av Anita Killi. Kvar scene måtte ho bygge opp lag for lag. Her er pinssett i bruk for å bytte tunge på hunden.

Rektor tok òg med seg barnevernsteinesta i planlegging og gjennomføring av opplegget. I tillegg drog dei nytte av erfaringane frå Lom. Marlo er ein liten skule med få elevar på kvart klasseteg. Dei viste filmen klassevis til 1.-7. klasse i løpet av to skuledagar, med helsesyster eller tilsett i barnevernet tilstades i kvar klasse.

Førebuing

Både Lom og Skjåk brukte i stor grad opplegget som ligg på www.trollfilm.no. I Lom prata helsesyster med lærarane i dei involverte klassene, der ho skildra opplegget og forklarte bakgrunn og meining med visning av filmen. Det gjekk greitt å få skulen til å finne tid til dette. Film verker til å være eit populært avbrekk i skulekvardagen for ungane, i tillegg er det eit viktig tema som dei elles ikkje har så mykje fokus på. Både rektor og ein lærar sa til helsesyster i Lom at: – Mi største frykt er at elevar som opplever vald heime, skal gå sju år på denne skulen utan å bli oppdaga.

I Lom sende vi heim til føresette det ferdigskrivne brevet som ligg på www.trollfilm.no. Vi diskuterte òg om vi burde vist filmen på foreldremøte, men dette vart ikkje gjort grunna tidsbruk for helsesyster. Om ein skal gjere det, bør ein kanskje vise den ei tid etter at ungane har sett den? Det er ei avveging kor mykje informasjon ein skal gje føresette før ein viser filmen til barna, da det er ein viss fare for at føresette kan

true barna til tausheit. Kva dag den skal bli vist, treng ein kanskje heller ikkje informere noko om i forkant.

I Skjåk hadde rektor, klassekontaktar, barnevern og helsesyster eit førebuingsemøte. På førehand hadde rektor informert foreldreutvalet ved skulen, og dei var positive til at temaet vart teke opp. Alle vaksne som skulle vera med på opplegget, såg filmen og las gjennom informasjonen som ligg på nettet. Boka vart skaffa og skulle brukast i 1.- 4. klasse. I etterkant ser vi at den kan brukast på alle klasstrinn som førebuing til filmen. Det vart laga eit informasjonsbrev om opplegget, kven som skulle vera med og henvisning til www.trollfilm.no. I veka før filmen vart vist, vart alle elevane gjort kjend med telefonnummeret til "alarmtelefonen for barn og unge". Dette vart opphengt i alle klasserom. Skulen jobba òg med FN's barnekonvensjon og tema rundt denne.

Gjennomføring

Same dag som filmen vart vist i Skjåk, vart det teke utgangspunkt i og minna om FN's barnekonvensjon nr 19: "Vern mot misbruk. Staten skal verne barnet mot fysisk og psykisk mishandling.." Både i Lom og Skjåk, prata helsesyster og lærar med klassa om tema:

- Kva vald er.
- Ulike typar vald, t.d. fysisk vald, psykisk vald og seksuell vald – døme på kva dette kan innebera.
- At det å sjå eller høyre andre bli utsett

for vald er noko som skaper frykt og kan gje meir skade enn vi anar.

- Kjensle av skuld - at det aldri er barnet si skuld om vaksne utøver vald.
- Kva tvang og truslar kan vera.
- Lojalitet – Prata om at ingen ynskjer å gjere andre vondt, men dei kan ha ulike vanskar som gjer at dei utøver vald likevel. Noko dei treng hjelp til å slutte med. Det er ikkje å sladre om ein seier frå om ting som er vondt og vanskeleg!
- Alle former for vald er brot på barn sine rettar. Det er ikkje lov!
- At heimen er ein stad ein skal føle seg trygg, ikkje redd.
- Forklarte korleis filmen om Boj vart til. Forklarte at ein i filmen ikkje ser nokon bli slått, men at ein vil sjå ein pappa som blir sint og vil høyre lyder av det han gjer. Om dei hadde lest boka, ville nok det vera ei meir forståeleg førebuing til innhaldet i filmen. Det har vi lært til neste gong!
- Forklarte at i denne filmen er det pappa som slår, men at det like gjerne kan være ei mamma eller nokon andre som gjer slikt.
- Om nokon skulle få behov for å gå ut i løpet av filmen, kunne lærar eller helsesyster fylgje dei.
- Forklarte kva vi skulle gjere etter filmen – at vi skulle prate oss gjennom alle scenene og lage ei teikning. Og at dei tilslutt skulle få eit brev som vi skulle gå igjennom. Den eine klassa i Lom hadde òg ei loggbok som dei kunne skrive i, og som vart samla inn på slutten av timen.

Etter filmen

Både i Lom og Skjåk gjekk vi gjennom filmen i plenum etter framsyninga. Vi fekk elevane til å fortelje deira inntrykk av dei ulike scenene og gav i tillegg våre betraktningar av kva som føregjekk. Praten viste at dei hadde fått ei god forståing for tema i filmen. Mange elevar ga uttrykk for at det var fint at faren til Boj fekk hjelp og at dei såg at det nytta, sjølv om dei ikkje fekk noko

endeleg svar å om alt gjekk bra. I Lom delte vi ut brevet til ungane frå Øyvind Aschjem som ligg på www.trollfilm.no. Dette gjekk vi gjennom. Der står det mellom anna om kven ein kan prate med om ein er litt redd eller berre treng nokon å prate med. Repeterte sjølvsgatt og treffetida til helsesyster og at ho kom til å vere tilgjengeleg i etterkant.

Teikningane

Det vart mange fine teikningar i etterkant. Desse vart hengt opp i klasserommet etter kvart som dei var ferdige og dei fekk henge der til ettertanke i nokre veke. Ein elev hadde skreve stort på eit ark "Det er ikkje din skyld" og ein annan hadde skreve "Du er god nok som du er" – etter inspirasjon frå brevet dei fekk og det vi prata om etter filmen. Det at slike beskjedar blir hengande på veggen, trur vi kan vere med å gje tryggleik og støtte for mange, uansett kva problemstilling dei står oppe i. Nokre elevar vart ikkje heilt ferdige med teikningane, men gjorde dette i ledige stunder i etterkant. Denne utstillinga er nok skulen kan ta bilete av og legge ut på "Pedit" (skulen sitt interne nettverk), slik at føresette får sett det.

Evaluering

Elevane både i Lom og Skjåk satt svært stille under filmen og fylgde godt med. Enkelte elevar viste ein viss lettels i etterkant, da dei hadde trudd den skulle vere svært skummel og hadde sett føre seg både blod og gørr. Tenkjer at mange barn ser både klipp og spel på data som inneheld både blod, kampar, våpen og drap, og når nokon beskriv nokon som skummelt forbi det det med dette. Ei jente hadde vondt i magen i forkant av filmen og ville ikkje sjå filmen. Etter ein prat med lærar gjorde ho det likevel og tykte det gjekk mykje betre enn ho hadde trudd. Ein gut byrja å gråte før filmen fordi han var redd han kom til å få mareritt av den, noko han av og til har. Etter ein prat med læraren sin, såg han filmen

og uttrykte i etterkant glede over å ha sett den. Ein lærar konkluderte med at ho nok hadde "utmalt" filmen litt for mykje i forkant for elevane, slik at dei vart unødige spente før dei skulle sjå han. Ho sa at filmen gjorde svært sterkt inntrykk på henne og var redd den skulle virke like sterkt på elevane. Denne frykta i forkant tenkjer eg vi hadde unngått om elevane var kjende med innhaldet frå boka på førehand. I tillegg til lesing av boka kan ein gje informasjon om at det ikkje vil bli vist blod eller kamp i filmen, men berre lydar av det.

Det at barn blir opplyst om at ikkje alle har det bra og er lykkelege til kvar tid, meiner vi er viktig. Alle vil før eller sidan oppleve noko som er vanskeleg. I samfunnet i dag er fleirtalet av dei føresette opptekne av at barna skal ha det så bra som råd. I føresette sitt iver til å få til dette, blir det ordna, lagt til rette og ikkje minst skjerma for at barnet skal ha det fint. Mange heller mot det å vere «curlingforeldre» – det blir børsta veg for at barnet skal få fri veg, utan hindringar. Fallhøgda kan bli svært stor om dei går i trua på at livet i Noreg berre er ein dans på roser.

I Skjåk hadde dei involverte partane eit evalueringsmøte der alle sat att med positive erfaringar. Temaet "vald i nære relasjonar" vart belyst på ein fin måte. Elevane fekk med seg budskapet i filmen og veit nå at det finst hjelp å få for dei som har det vanskeleg. Føresette har òg kome med positive attendemeldingar. I Lom var òg attendemeldingane positive. Skulane tykte det var bra å få fokus på temaet. Måten det vart gjennomført på, med innføring i film og tema i forkant og gjennomgang, teinking/skriving i etterkant, var viktig for at ungane skulle få kunnskap og forståing for temaet.

Alt i alt er vi svært nøgde med å få sett fokus på eit tema det ikkje blir prata så mykje om. Det vi har lært til neste gong er at vi skal bruke boka

TIPS/RÅD FOR VISNING AV FILMEN

- Brei involvering og informasjon i forkant.
- Høgtlesing av boka i forkant.
- Ikkje vis filmen rett før ungane skal heim eller siste dag før helga.
- Minst to lærarar i tillegg til fagfolk tilstades under framsyninga.
- Helsesyster tilgjengeleg på skulen etter framsyninga.
- Gå gjennom filmen scene for scene i etterkant, gjerne ved hjelp av bilete.
- La barna i etterkant skrive eit brev eller lage ei teikning om noko DEI er redd for.



"Sinna mann" i større grad, som førebuing til filmen. Vi kjem til å gjere som Anita Killi, å bruke sitat frå heftet "Små vitner til vold" som innfallsport til temaet. Å bruke bilete frå filmen og vise fram når vi går gjennom dei ulike scenene, trur vi vil gjere gjennomgangen enklare for den som underviser og meir lettfatteleg for elevane. Det ligg mange bilete frå filmen på www.trollfilm.no. ■

Kjelder:

www.trollfilm.no
Hefte: "Små vitner til vold" utgjeve av "Alternativ for vold" Lilleterget 1, 0184 Oslo, tlf 4722401.
E-post: post@atv-stiftelsen.no, Nettside: www.atv-stiftelsen.no.
Boka Sinna Mann, som er skrevet av Gro Dahle og illustrert av Svein Nyhus. Cappelen Damm, 2003.